

Til elevar og føresette på SUS.

Informasjon om oppfølging av nye nasjonale smittevern tiltak i Surnadal kommune

Regjeringa har bestemt at det frå søndag 3.januar 2021 skal vere raudt beredskapsnivå for ungdomsskulane i Noreg. Dette får også betydning for ungdomstrinnet på Surnadal barne- og ungdomsskule.

- I morgon måndag 4. januar blir det vanleg oppmøte på skulen for 8. og 10. trinn.
- 9. trinn har heimeskule. Dette er på grunn av forskjellige avklaringar rundt skuleskyss og dei fysiske tilhøva på skulen. Dersom nokon på 9. manglar PC, ta kontakt med skulen for å gjere avtale om henting, ev. at vi køyrer ut med PC-en.
- Dei ulike klassane fungerer frå i morgon som ein kohort.
- 8. trinn er på basen sin i sine klassegrupper, og brukar vanleg inngang og garderobe.
- 10AB låner 9. trinnsbasen i morgon, med inngang på nordsida, mens 10CD går inn nede og bruker bildefagrommet som klasserom.

Målet er at så lenge smittesituasjonen i Surnadal er som den er, skal flest mogleg av elevane få vere på skulen kvar dag. Dette tiltaket er difor førebels, og ny beskjed vil kome i morgon ettermiddag.

Mvh

Surnadal barne- og ungdomsskule